


FAKTA

SVARTHESPÖVE

- Svarthalespoven (*Limosa limosa*) er ein stor vade-fugl på cirka 40 centimeter.
- Det finst tre underartar. Den som hekkar i området vest for Orrevatnet tilhøyrer den vesteuropeiske stammen, der de fleste fuglane hekkar i Nederland. I Norge hekkar dei berre i det vesle området i Klepp.
- Fuglen står på raudlista over utryddingstruga artar i Norge, og blei i 2011 verna som prioritert art gjennom ei eiga forskrift.
- På grunn av nedgang i bestanden gjennom dei siste tiåra, er svarthalespoven på verdsbasis klassifisert som «nær truga» av Birdlife International. Truleg finst det 600.000-800.000 svarthalespovar i verda.



STÅR PÅ RAUDLISTA: Svarthalespoven har vore upopulær blant bøndene i Klepp, men no skal deira erfaringar gi betre løysingar for vernet av den utryddingstruga fuglen her til lands. (Arkivfoto: Kjell Ruud Mjøltnes)

Ein ny vår for svarthalespoven?

Fylkesmannen opnar for nye måtar å ivareta vernet, i tett samarbeid med Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling.

ÅGE BJØRNEVIK | tekst

FUGLEVERN: For prosjektleiar Dag Jørund Lønning er dei nye signala frå Statens hus i Stavanger ein stor siger.

– Dagens ordning fungerer ikkje. No får me sjansen til å prøva ut andre løysingar, basert på bøndene sine erfaringar, seier Lønning. Han er til dagleg rektor og professor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB).

For eit par veker møtte han og Klepp-ordførar Ane Mari Braut Nese Fylkesmannen i Rogaland. Både fylkesmannen sjølv, landbruksdirektøren og viltforvaltaren, som har hatt mest med svarthalespoven å gjera, var med i møtet. Resultatet er at HLB får prøva ut nye løysingar, i tett samarbeid med dei 29 grunneigarane i området vest for Orrevatnet.

– Bøndene tar omsyn

Allereie i fjor sommar drog HLB i gang dialogprosjektet om svarthalespove. Lønning viser til at svarthalespoven, som er ein innvandra art i Norge, har auka frå null til ein stad mellom 40 og 100 individ i løpet av ein 40-50-årsperiode. Dette trass i at fuglen hekkar berre i eitt av dei mest intensivt drivne jordbruksområda i heile landet.

– Det hadde ikkje gått om

ikkje bøndene tok omsyn. Eit vellykka vern må ta utgangspunkt i lokal kunnskap og bøndene sine røynsler. Det er det aller mest interessante, men har ikkje vore registrert til no. I staden er det kome eit vern som er blitt tredd ned over hovuda på bøndene ovanfrå, seier Lønning.

– Byggjer ein på bøndene sin praktiske kunnskap når ein raudlista fugl skal forvaltast, skapar ein noko bøndene kan vera stolte av. I staden har dagens vern gjort fuglen upopulær. Når fuglen slår seg ned i enga di, blir 30 dekar automatisk bandlagt. Fuglen blir eit unødvendig hinder for drifta, legg Lønning til.

HLB tar no kontakt med alle dei 29 grunneigarane i hekkeområdet for svarthalespoven. Det er førsteamanuensis Olav Eggebø som er ute på den praktiske delen av arbeidet.

– Målet er å finna enkle, gode løysingar. Løysingar som tar vare på fuglen, som lar seg kombinera med effektiv gardsdrift og som ikkje nødvendigvis krev så mykje arbeid, seier prosjektleiar Lønning.

På kort sikt er målet å finna fram til måtar å verna svarthalespoven som bøndene sjølve kan føla eigarskap til. På lengre sikt handlar prosjektet om å snu styresmaktene sin måte å tenkja vern på.

– Me håpar at dette blir eit nasjonalt pilotprogram. At pro-

sjektet kan ha overføringsverdi til andre konkrete vernespørsmål også andre stader i landet, seier Lønning.

– Vernet står fast

Fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa understrekar at vernet av svarthalespoven står fast, og at Fylkesmannen i Rogaland framleis har ansvaret for forvaltninga.

Det dei no gjer, er å ta grep i god tid før slåttesesongen, og å opna for nye måtar å gjera ting på. På det viset håpar Fylkesmannen å dempe konfliktnivået.

– Til no har det vore usikkert frå sesong til sesong korleis vernet skulle handhevast. Departementet har også hatt ei justering av forskrifta på høyring, utan at ei endring enno er avklart. I år går me inn i ein tidlegare dialog med dei 29 grunneigarane – gjennom HLB sitt dialogprosjekt. Eitt av måla er å finna enkle og praktiske løysingar, basert på bøndene sine røynsler. Det inneber at me i år opnar for å prøva ut andre løysingar for å sikra auka overleving av svarthalespove, seier Meltveit Kleppa.

– Det er viktig å skapa eit lokalt eigarforhold til arbeidet med å ta vare på truga artar. Får me til det, blir konfliktnivået automatisk dempa. Eg er glad for at HLB har sett i gong dialogprosjektet. Eg håpar at me får gode resultat. Høgskulen skal halda oss fortløpande

orientert om arbeidet, legg ho til.

Både bønder som ikkje vil søkja om dispensasjon frå slåtteforbodet og bønder som har fått dispensasjon, vil kunne få tilskot til tilpassing av drifta. Fylkesmannen skal, som tidlegare år, laga ein eigen rapport om årets hekkesesong. I tillegg skal HLB laga ei førebels evaluering av dialogprosjektet når hekkesesongen er over.

Har skapt frustrasjon

Det var Klepp-ordførar Ane Mari Braut Nese som tok initiativ til møtet.

– Me har sett kor mykje frustrasjon vernet av svarthalespoven har skapt, særleg at bøndene har gått inn i sesongen utan heilt å vita kva som gjeld det året. I år ville me vera tidleg ute og sjå om me kunne finna praktiske løysingar, seier ordføraren.

Ho er godt nøgd med utfallet av møtet.

Klepp kommune bad i fjor Miljøverndepartementet om å fjerna heile vernet av svarthalespoven, som er ein fugl som i hovudsak held til på kontinentet. Det har berre ein liten del av sitt naturlige område her til lands. Klepppolitikarane oppmoda også staten om å gå i tett dialog med bøndene dersom vernet skulle oppretthaldast.

– Slik eg oppfattar det, får HLB no ganske frie tøyler, og bøndene sine praktiske erfaringar skal kartleggjast og prøvast ut. I så måte synest eg i grunnen me har kome ganske langt, seier Klepp-ordføraren.